

FOLK 100 ORG

1923
2023

FolkOrg
ÅRSMELDING
2023

F^{olk}K^{ultur} Organisasjon for O^{rg} folkemusikk og folkedans

Foto framside: Thor Hauknes

Fotografer: Thor Brødreskift, Anders Lillebo, Thomas Westling, Runhild Heggem, Kjersti Bratås,
Isa Holmgren, Thor Hauknes, Jostein Aardal, Terje Bendiksby

Formgjiving: Aslak Brimi og Anbjørg Myhra Bergwitz

Post- og besøksadresse:

FolkOrg
Møllergata 39
0179 Oslo

Nett: www.folkorg.no

E-post: post@folkorg.no

Tlf.: 22 00 56 22

INNHOLD

- 4** Helsing frå styreleiaren
- 7** FolkOrg 2023 - ein vital 100-åring
- 13** Om FolkOrg
- 17** Jubileumsåret 2023
- 20** Vurdering av måloppnåing
- 26** Særskilde satsingar for 2021-2023
- 32** Organisasjonens arbeidsfelt i meldingsåret
 - 32** Barn og unge
 - 35** Lagsutvikling
 - 37** Arrangørutvikling
 - 38** Utøvarutvikling
 - 39** Kulturpolitikk
 - 42** Kappleikar og festivalar
 - 48** Informasjon
 - 49** Folkemusikk og folkemusikk.no
- 52** Vedlegg

HELSING FRÅ STYRELEIAREN

Vi kan sjå attende på eit svært innhaldsrikt og spanande jubileumsår med mange små og store arrangement og markeringar over heile landet for å feire den livskraftige 100-åringen. Den store jubileumshelga i Bergen sette punktum for jubileumsåret med lansering av den praktfulle jubileumsboka vår, SONGEN DANSEN SPELET, og ein storslått jubileumskonsert i Grieghallen. Takk til alle som har bidrøge i feiringa av folkemusikken og folkedansen gjennom heile jubileumsåret!

Det var god oppslutning på både Lanskappleiken i Lom og Landsfestivalen i gammaldansmusikk i Førde, og vi kan glede oss over to solid gjennomførte og svært trivelege arrangement. Tusen takk til dei to arrangørlaga, Lom spel- og dansarlag og Indre Sunnfjord spelemannslag, for vel utført jobb, og for at de tok på dykk desse store arrangementa!

Under Lanskappleiken i Lom vart det utnemnt to nye heidersmedlemmar i FolkOrg, som kvar på sitt vis har lagt ned ein betydeleg innsats for folkemusikken, den eine som utøvar og tradisjonsberar, den andre som instrumentmakar. Varme gratulasjonar til Amund Bjørgen og Sigvald Rørlien!

Den store folkemusikkhelga i Oslo, Folkelarm, vart innleia med Folkelarm-prisutdelinga på torsdag, og er ein viktig heider til alle dei dyktige folkemusikarane og deira plateselskap som gjev ut folkemusikk av høg kvalitet kvart einaste år. Benedicte Maurseth vart utnemnd til den gjæve prisen «årets folkemusikar», og vi gratulerer henne og alle andre prisvinnarar! Folkelarm har blitt eit svært populært bransjetreff, og det var rekordstor påmelding frå 79 artistar til presentasjonane (showcasa). Mange delegatar frå inn- og utland var til stades, og det er meldt at fleire av artistane har blitt tinga til festivalar og konsertar rundt om i verda neste år.

Dei siste tiåra har fleire og fleire folkemusikarar som lever av musikken på heiltid, blitt avhengige av fleire inntektskjelder. TONO-systemet honorerer i all hovudsak nyskaping framfor tradering, og det er difor økonomisk meir gunstig å bruke sin eigenkomponerte musikk enn å framføre tradisjonell musikk, noko som går fram av repertoaret som musikarane bruker. Dette er bekymringsfullt. FolkOrg er i dialog både med TONO og Kulturdepartementet om problemstillinga, og håpar dette skal resultere i betre vilkår for utøvarar av tradisjonsmusikk.

Vi har hausten 2023 gledd oss over den nye dokumentarserien «Trollstemt», som fortel sterke og rørande historier om unge utøvarar med stor kjærleik og forankring i den tradisjonelle folkemusikken, og som tek pulsen på dagens levande og rike folkemusikkmiljø. Så langt ser det ut til å ha lukkast, og NRK melder om stor interesse og begeistring for serien frå sjåarane også utanfor vårt eige miljø. Rett før jul sende KORK sin store julekonsert frå Rudi gard med fleire folkemusikkartistar som gjestar, og andre juledag sende P2 ei fem timars folkemusikksending. Vi takkar NRK for det viktige arbeidet dei gjer med å spreie kunnskapen om og interessa for eigen kulturarv gjennom fleire store satsingar det siste året!

Det er stor aktivitet over heile landet, og svært mange lokallag driv godt og målretta lagsarbeid, spesielt med tanke på aktivitetar for barn og unge. Sparebankstiftelsen DnB Dextra Musica har bidrøge med millionbeløp gjennom fleire år til mange gode rekrutteringsprosjekt, og vi er svært takksame for at dei ønskjer å halde fram som sterkt støttespelar i dette viktige arbeidet også i åra framover!

Det sentrale i FolkOrgs arbeid er å styrke, synleggjere og formidle dei levande folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg, og organisasjonen skal som ei naturleg følgje av ei levande tradisjonsforståing fremje utvikling og nyskaping på tradisjonelt grunnlag.

FolkOrg er ein medlemsorganisasjon som femnar breitt, frå profesjonelle yrkesutøvarar til lokale spel- og danselag og arrangørar. Svært mykje av aktivitetane er avhengig av frivillig innsats, og eg vil takke alle dykk rundt om i lokallaga som er sjølve grunnmuren i organisasjonen vår, og som representerer miljøet, tradisjonsberarane, eldsjelene, kunnskapen og det sosiale fellesskapet mellom generasjonar.

Vi har erfart at vårt arbeid med å løfte fram heile feltet, både topp og breidd, gjev gode resultat og fører oss framover. Vi treng stjernene og førebileta som inspirerer, som viser veg, og som skaper merksemd og begeistring for folkemusikken blant eit breiare publikum, men vi treng også lokallaga, arrangørane og dei friviljuge der mykje av den direkte tradisjonsoverføringa går føre seg.

Takk til dykk alle, både yrkesutøvarar og amatørar, heilårsarrangørar og festivalar, som gjennom engasjement og deltaking på ulike arenaer bidreg til å skape merksemd og interesse for folkemusikken og folkedansen.

Hilde Reitan
Styreleiar i FolkOrg



Dere forvalter denne delen av norsk kulturhistorie på en usedvanlig god måte. Og dere ivaretar ikke bare røttene! Dere ser fremover. I spennet mellom bevaring, formidling og fornying bidrar dere til å bygge bro mellom fortid og nåtid. Mellom det vi kommer fra, det vi har blitt – og med et åpent blikk mot fremtiden.

Hennar Majestet Dronning Sonja

Etter hundre år er FolkOrg framleis særleg viktig og sentral for folkemusikk- og folkedansfeltet. Kanskje er det nettopp FolkOrgs evne til å inkludere og vise fram breidda og mangfaldet og å gje heilskapen ein naturleg plass i organisasjonen som gjer FolkOrg vital? Frå grasrot og amatør til profesjonell og aktivt utøvande, frå samværsaktivitet og medverking til konsertscener og prestisje.

Lubna Jaffery

Kultur – og likestillingsminister

FOLKORG 2023

- EIN VITAL 100-ÅRING

Utdrag frå teksten som styret i FolkOrg (2021–2023) hadde i jubileumsboka DANSEN SONGEN SPELET.

Eit 100-årsjubileum er eit godt høve til å feire stort! Å feire organisasjonen og det han har stått for og står for i dag, er viktig, men òg å sette søkjelyset på folkemusikken og folkedansen i går, i dag og i morgen her til lands. Eit jubileum er eit framifrå høve til å skape meir interesse for og kunnskap om folkemusikk og folkedans.

Noreg har teke på seg ansvaret for å forvalte og halde levande norsk folkemusikk og folkedans gjennom ratifisering av UNESCOs konvensjon om vern av immateriell kulturarv. FolkOrg har teke på seg eit spesielt ansvar på vegner av Noreg. Det er eit førebels høgdepunkt i så måte at dans, spel, kveding og stevjing frå Setesdal i 2019 vart fyrste oppføringa på UNESCOs liste over den immaterielle kulturarven her i landet. Dette var utfallet etter ein mangeårig innsats frå lokale eldsjeler i Setesdal Spelemannslag – ein stor inspirasjon for alle som er glade i folkemusikk og -dans. Vi kan alle kjenne oss representerte gjennom ei slik internasjonal synleggjering, og det er i vår felles interesse å stø setesdølane i å halde ved like denne statusen.

Frå landskappleikarrangør til kulturpolitisk organisasjon

FolkOrg er ein medlemsorganisasjon med eit breitt spekter av medlemmer: fritidsutøvarar, yrkesmusikkarar og dansarar, spel- og dansarlag, festival- og heilårsarrangørar, instrumentmakarar og pedagogar. Mange aktivitetar er avhengige av frivillig innsats, og organisasjonen må seiast å vere ein viktig aktør innanfor det som blir kalla det frivillige Noreg.

Utanfor eigne rekker samarbeider FolkOrg særleg med Norsk senter for folkemusikk og folkedans, men også med utdanningsinstitusjonane, folkemusikksentera og andre organisasjonar. I tillegg samarbeider vi med andre musikk- og kulturorganisasjonar. Det er landsmøtet som vedtek langsiktige strategiar og særskilde satsingar, og styret har saman med administrasjonen ansvar for at desse blir realiserte.

Formålsparagrafen som vart vedteken under stiftingsmøtet til Landslaget for Spelemenn i 1923, er framleis relevant. Stiftarane ville «... fremja den nasjonale folkemusikken og betra dei økonomiske vilkåra for spelemennene». Denne formuleringa er likevel elta og vidareutvikla i takt med tida. Etter krigen vart det ikkje så vanleg å knyte folkemusikken til «det nasjonale». Vektlegginga av økonomiske vilkår vart fornya i vedtekten til FolkOrg i 2009. Med framvoksteren av kulturpolitikk som eit tungt offentleg satsingsfelt var det i tillegg naturleg og viktig at organisasjonen la meir vekt på å vere eit kulturpolitisk talerøyr.

Ingen lett veg å gå

Vegen frå fyrste stiftingsmøtet i LfS og fram til noverande FolkOrg har ikkje vore utan heftig meiningsbryting. Det trengst mykje klokskap, respekt og vilje for å finne løysingar som gjer at heile medlemsmassen kan kjenne seg heime i FolkOrg. Samstundes skal ikkje kompromissa som ligg til grunn for den breie organiseringa, svekke evna til handlekraft i viktige enkeltsaker. Det er mange kjensler knytte til tradisjonsmusikken og -dansen, og då blir det om å gjere at alle som brenn for desse kulturytringane, også greier å løfte blikket og sjå dei felles langsiktige måla i det daglege arbeidet.

Det har gjennom heile historia vår vore eit sterkt engasjement blant medlemmene om kappleikar, reglement, dømming, slåtteformer, tradisjonsforståing og val av strategiar. Det gamle medlemsbladet, Spelemannsbladet, var eit organ der ulike synspunkt kom fram gjennom til dels sterke lesarinnlegg med spark retta mot både enkeltpersonar, lokallag, kappleiksarrangørar, dommarar, utøvarar og ikkje minst styret. Men med mange ordhage og slagferdige lesarar vart mykje av dette også levert i ordskifte som kalla både på smil og latter.

Splitting i organisasjonen

Den største og mest krevjande konflikten i organisasjonen vart utløyst av det såkalla «gammaldansvedtaket» frå årsmøtet til LfS i 1986, der fleirtalet gjekk inn for å utvide arbeidsområdet til å gjelde gammaldansmusikk/runddanssspel i tradisjonell stil og etablere Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Vedtaket skapte stor splid i organisasjonen. Trass i alle forsøk på å finne felles løysingar og setje saman eit styre som representerte både leirar, resulterte vedtaket i at motstandarane av vedtaket braut ut og stifta Norsk Folkemusikk- og Danselag (NFD) i 1987. NFD vart stifta som ein organisasjon for enkeltmedlemmer og opna aldri for at lokallag skulle bli medlemmer. Grunnen til dette var at mange var dobbeltmedlemmer i LfS og NFD, og NFD ville ikkje lage ein lagsstruktur som konkurrerte med LfS sin.

Det var steile frontar og lite kontakt mellom LfS og NFD i fleire år. Fyrst i 1992 møttest dei to styra i eit fellesmøte for å legge ned stridsøksa og få etablert eit samarbeid i gjensidig tillit og respekt. Å få til eit godt praktisk samarbeid var viktig, då splittinga i fleire samanhengar vart brukt som argument for å avslå økonomisk støtte til aktivitetar som begge organisasjonane hadde interesse av å få til.

Og samanslåing

Samarbeidet vart fruktbart, og danna grunnlaget for ei samling og samanslåing av LfS og NFD i 2009, der både organisasjonane gjekk inn som likeverdige partar og danna FolkOrg – ein ny organisasjon med nye vedtekter og ny organisering.

Med samanslåinga vart styret utvida til sju representantar, der yrkesutøvande medlemmer skulle ha minst to representantar i styret. Det vart etablert eit arbeidsutval med styreleiar og to nestleiarar, der ein av nestleiarane skal representere yrkesutøvarane.

NFD var særleg flinke med finansiering og støtteordningar til drift og prosjekt, og mykje av dette vart ført vidare i FolkOrg. I tillegg har det skjedd ei god utvikling av organisasjonen, styrearbeidet

og arbeidet med fokusområde etter danninga av FolkOrg. Vi har opplevd ei profesionalisering av både administrasjon og styre. Vi har fått meir stabile tilskottsordningar etter at fagfeltet vart samla att. Det er med inspirasjon frå NFD sett sokjelys på rammevilkåra for yrkesutøvarane. Det er historisk interessant å sjå at vedtektena frå 1923 på liknande vis la vekt på dei økonomiske vilkåra for spelemennene.

Målsettingar og strategiar

Folkemusikk- og folkedanstradisjonane i Noreg er gamle, – gamle fordi dei er gode, – gode fordi så mange tradisjonsledd har sett sitt «godkjentstempel» på dei. Tradisjonane har vorte overførte frå generasjon til generasjon og er stadig i endring – somme tider sakte og gradvis, somme tider litt i rykk og napp. Det finst ulike dialektar av musikken og dansen i landet, og mellom desse er det eit kontinuum eller framhald, slik vi alle representerer framhald og overgangar. Det rike mangfaldet er eitt av særtrekka ved norsk tradisjonsmusikk og -dans.

For å sikre tilgang til levande tradisjonar og allmenn kunnskap om desse treng vi å stø opp om «økosystemet» av folkemusikk og folkedans, der alle elementa heng i hop: amatørar og yrkesutøvarar, lokallag, instrumentmakarar, plateselskap, arrangørar, arkiv, utdanning, opplæring, forsking og gode regionale strukturar.

FolkOrg er den organisasjonen som representerer størst breidde på folkemusikk- og folkedansfeltet i dag. Å arbeide kulturpolitisk for heile folkemusikk- og folkedansfeltet spesielt og kulturfeltet allment er særsviktig i tillegg til dei faste arrangementa våre,rådgiving overfor medlemmene, prosjekt for å fremme sjangeren, utgiving av magasinet Folkemusikk og informasjonsarbeid. Det trengst ein sterkt nasjonal organisasjon som ser heilskapen, og som byggjer nettverk og nyttar kunnskapen frå medlemmene inn i arbeidet. Samarbeid med andre organisasjoner på kulturfeltet er viktig. Slik kan vi finne gode løysingar både for folkemusikk- og folkedanssjangeren og tilgrensande sjangrar.

Det er på regionalt nivå det er flest manglar og samstundes størst potensial. Gode nettverk med sterke folkemusikkcenter, folkemusikkarkiv, festivalar, distriktsmusikarar og områdelag kan skape store synergieffektar, og med det auke bruken av den immaterielle kulturarven. Det var store skilnader mellom dei ulike fylka før regionreforma, og no er det også store skilnader internt i fleire av dei nye fylka. Ei satsing på regionale senter eller knutepunkt vil styrke heile feltet. Vi er heilt avhengige av kvarandre for å få vidareført tradisjonane, få rekruttert nye utøvarar og publikum, og vise fram kjærleiken til spel, dans og kveding for alle dei som enno ikkje veit at dei elskar det.



Barn og unge ilag med store idol under jubileumskonserten i Grieghallen i Bergen.

Grunnplanet og grasrota

Lokallaga er grunnmuren i organisasjonen og representerer miljøet, tradisjonsberarane, eldsjelene, kunnskapen, den sosiale fellesskapen og sjølve utøvinga. Lokallaga har faste øvingar, held konsertar og kappleikar og organiserer opplæring. Utan desse ville både arrangørar, utøvarar, utdanningsinstitusjonar på feltet og sjølve kulturarven slite. Sjølv om det meste av undervisninga i spel skjer i kulturskulane, er det lokallaga som stiller opp med eit sosialt miljø som er så viktig for at unge utøvarar skal halde på. Kulturskulane tilbyr sjeldan undervisning i folkedans. Når barn knapt møter folkemusikk og folkedans i skulen, er det tilfeldig om barn i Noreg får oppleve vår eigen tradisjonelle musikk, dans og kveding. Om ein ikkje har vorte introdusert for sjangeren under skulegangen, er terskelen for å oppsøke sjangeren ved seinare høve høgare.

Rekruttering og utdanning

Viktig satsingsområde for FolkOrg er såleis tilbod til barn og unge, og vi har fleire stønadsordningar som rettar seg mot dette viktige arbeidet. Sparebankstiftinga Dextra Musica har vore og er ein viktig støttespelar. Dextra Musica har stilt opp med millionbeløp gjennom fleire år for å stimulere til fleire små og store rekrutteringsprosjekt over heile landet.



Gruppa Rakkarpaakk har vore med på FolkOrg og Music Norway si eksportsatsing for norske folkemusikarar, EX.TRA23. Dei vann også Open Klasse på Lanskappleiken i Lom.

Den kulturelle skolesekken, utgivingar, kulturskular, anna pedagogisk verksemd i inn- og utland, musikalsk leiing av spelemannslag, komposisjon og ulike tilskotsordningar. Det er også mange som kombinerer den kunstnarlege verksemda si med inntekt frå ikkje-kunstnarleg arbeid. Og no har det endeleg, etter mange års arbeid, kome på plass ei bachelorutdanning i scenisk folkedans ved Universitetet i Sørøst-Noreg.

Finansieringa av folkedansframsyninga er ei utfordring. I dette feltet heng musikken og dansen tett saman, og dansen og musikken skjer i ein kommunikasjon mellom dansarar og musikarar der og då. Framaingane har derfor nesten alltid levande musikk. Det gjer at kostnadene blir høgare. For å rekruttere til dette yrket er grasrota med dei lokale miljøa viktig, og det trengst

Den nye satsinga FolkLeiarUng, eit 3-årig prosjekt retta mot unge folkemusikarar som ønskjer å utforske rolla som musikalsk leiar, har så langt vore svært vellukka og har god oppslutning. Sidan vi fekk høgare utdanning i folkemusikk, har vi kvart år fått fleire yrkesutøvande folkemusikarar. Mellom desse skjer ei spennande utvikling kunstnarleg, både innanfor det tradisjonelle og det meir sjangerovergripande og eksperimentelle uttrykket.

Utfordringar

Dei profesjonelle folkemusikarane har ulike kombinasjonar av inntekter, frå konsertverksemd i Noreg og utanlands, i

også av den grunn ei satsing på underskogen i folkedansen.

Folkemusikken og -dansen hører til dei mindre kommersielle sjangrane med få faste stillingar, og det er krevjande økonomisk å leve av å vere utøvar. Ei viktig oppgåve for styret og administrasjonen er å jobbe for å betre rammevilkåra for yrkesutøvarane. Det vil gjere dei betre i stand til å vise fram folkemusikken og folkedansen slik at dei etter kvart får ein rettmessig og heilt naturleg plass i det mangfaldige kulturbiletet.



Indre Sunnfjord spelemannslag var lokal arrangør for Landsfestivalen i Førde i 2023. Her ser vi musikalsk leiar Sigmund Eikås i godt driu.

Dans på lokalet

For å kunne formidle kulturarven, gi gode opplevingar, gi jobbar til utøvarane, rekruttere til sjangeren og lære folkedansen og folkemusikken til fleire trengst mange og gode arrangement. Det trengst derfor fleire arrangørar og ei hjelp til profesjonalisering av arrangørar.

Dansefestar er ein arena som er viktig for vår sjanger. Der spelar musikarane til dans, der blir folkedansen formidla vidare frå éin generasjon til neste, der er den sosiale møteplassen. Dei regionale strukturane kan vere med på å styrke arrangørleddet, både med å byggje kompetanse og ved å legge effektive turnéar utan for stor økonomisk risiko for små arrangørar.

FolkOrg eig og driv både Lanskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Desse arrangementa blir kvart år til i samarbeid med ein lokal arrangør, vanlegvis eitt eller fleire lokallag. På både arrangementa er det sosiale samværet med dans og konsertar viktig. Arrangementa har òg vore grunnen til at vi framleis har ein så levande og variert folkemusikk- og folkedanstradisjon her i landet.

Oslo – eit midtpunkt for folkemusikk og -dans i Noreg

Folkelarm er Nordens største bransjetreff og showcasefestival for nordiske folkemusikarar og folkedansarar. Folkelarm blir arrangert av FolkOrg på Riksscenen i Oslo kvart år i november, der norske, samiske og nordiske artistar får presentert seg for nasjonale og internasjonale delegatar. Her blir også Folkelarm-prisane delte ut. FolkOrg samarbeider tett med Music Norway om arrangementet.

I 2010 opna Riksscenen i Oslo etter at fire nasjonale utøvarorganisasjonar, Juoigiid Searvi, Landslaget for Spelemenn, Norsk Folkemusikk- og Danselag, Noregs Ungdomslag og Samspill International Music Network, hadde arbeidd for dette i fleire år.

Noreg og Oslo er i ei særstilling ved at vi har ein kulturinstitusjon som Riksscenen, dedikert til folkemusikk og folkedans. Riksscenen er ein heilårsarrangør med fleire konsertar kvar veke. Hovuddelen av programmeringa er norsk og samisk folkemusikk og folkedans. Riksscenen har høg status som konsertarena for utøvarane.

Mangfold både i tradisjon og i folkemusikkens grenseland

Det er eit stort mangfold av uttrykk i folkemusikken i dag. Den solistiske tradisjonen ligg i botnen, men det finst òg ein levande og rik tradisjon med spelemannslag, grupper og band, som både spelar tradisjonelt stoff, eigenkomponerte slåttar og som tek inn element frå andre sjangrar. Utgangspunktet er likevel tradisjonsmusikken, og det gjer at vi får musikk som skil seg frå andre sjangrar – vi får noko unikt. Tradisjonsmusikken og -dansen er sentral i mange europeiske land (også utanfor Europa) og er ofte ein identitetsmarkør. FolkOrg arbeider for at det skal vere slik også i Noreg.

Vi har unike tradisjonar – vis dei fram!

Dei norske folkemusikk- og folkedanstradisjonane er unike for Noreg. Dei skil seg frå andre musikksjangrar, og frå tradisjonsmusikk og tradisjonsdans frå andre land. Derfor bør det vere naturleg at det offentlege Noreg nyttar folkemusikkarar og folkedansarar i presentasjon ved utanlandsbesøk, og ved statsbesøk og offentlege arrangement i Noreg. Dei ulike utøvarane treng arenaer, og det offisielle Noreg får ein sjanse til å møte kvalitetsuttrykk.

FolkOrg har gjennom fleire år arbeidd med påverknad og bevisstgjering av media for å få plass til meir folkemusikkstoff og synne det ansvaret media har for dette. Vi har årleg utfordra NRK til å gi tradisjonskunsten ein breiare plass på sendeflatene sine. Vi kan gle oss over at NRK har teke utfordinga og no viser meir interesse for feltet vårt enn på mange år. Dei satsar stort i jubileumsåret vårt og vil presentere norsk folkemusikk og folkedans i mange ulike program og kanalar, mellom anna i dokuserien «Trollstempt», som vi håpar vil vere med på å skape merksemd og nysgjerrigkeit om vår eigen kulturarv.

Vi har all grunn til å vere stolte over folkemusikken og folkedansen vår. I land som Irland har ein vore særmedviten om å løfte fram folkemusikktradisjonane i offisielle høve. Dette har ført til at innbyggjarane er stolte over tradisjonane sine. Her kan det offisielle Noreg hente inspirasjon. Ei god forankring i eigen kulturarv gjer oss opne og nysgjerrige overfor kulturarv og kulturuttrykk frå andre land.

Midt i alt kulturpolitisk og organisatorisk arbeid for folkemusikken er det så mange gode stunder med spel, dans og kveding. Dette held oss i gang. Dei beste opplevingane kan få ein til å gløyme tid og stad. Få har folkemusikkbyråkrati og -politikk som si fremste interesse. Men blikk og skjønn for kva som må til for at desse gode stundene og opplevingane helst skal bli fleire, det er dette som gjer at vi går inn i styre og tillitsombod i lokallag og FolkOrg sentralt. Når fleire legg stein til varden, blir det også lettare å finne vegen inn i framtida.

OM FOLKORG

STYRET OG UTVAL

Styret

Hilde Reitan (styreleiar)
 Camilla Granlien (nestleiar)
 Kristian Ihle Hanto (nestleiar)
 Thomas Nilssen (styremedlem)
 Lene Furuli (styremedlem) - ny
 Torfinn Hofstad (styremedlem)
 Tormod Kleiveland (styremedlem)
 Anders L. Herfoss (1. varamedlem) - ny
 Helene Høye (2. varamedlem)
 Gro Skanke Raattama (3. varamedlem)



Desse gjekk ut av styret på landsmøtet 2023:

Kjellbjørn Karsrud (styremedlem)
 Ole Erik Feragen (1. varamedlem)

I meldingsperioden har styret hatt ni møte, der fem var fysiske og fire var digitale. To av møta var over to dagar. På møta har styret handsama 82 saker. I tillegg til dei faste medlemane har første varamedlem vore innkalla fast til alle møte.

I meldingsåret har styret hatt ulike representasjonsoppgåver. Det var representantar frå styret på Landskappleiken og Landsfestivalen, på ulike tilstellingar i høve jubileumet, og på arrangement som Vossajazz og Førdefestivalen. Styreleiaren var på vitjing til Folkemusikk Nord og Kalottspel i august, og elles har vi vitja heidersmedlemar som har hatt runde år, der det har vore mogleg.

Arbeidsutvalet (AU) i organisasjonen er:

Hilde Reitan, Camilla Granlien og Kristian Ihle Hanto

Dagleg leiar har vore sekretær. AU har i meldingsperioden hatt fire møte. Stadig fleire saker blir drøfta med AU per e-post.

Fagutval for yrkesutøvarar er:

Ingebjørg Lognvik Reinholdt, Mathias Thedens og Jon Bugge Mariussen.

Fagutvalet har hatt seks møte og har elles vore tilgjengeleg for administrasjonen. Utvalet hadde også dialogmøte med styret på styremøtet i september.

MEDLEMSKAP OG MEDLEMSLAG

Medlemstal

FolkOrg hadde 4472 medlemmer pr. 31.12.2023. Det er 66 fleire enn i 2022. Av desse er 560 barn/unge (t.o.m. 18 år). Det er 41 fleire enn i 2022.

Medlemslag

Pr. 31.12.2023 hadde FolkOrg:

- 150 lokale medlemslag - ein nedgang på eitt medlemslag
- 10 områdelag - likt som i 2022

Arrangørmedlemmer

Pr. 31.12.2023 hadde FolkOrg 10 arrangørmedlemar, og 15 i FolkOrg sitt arrangørnettverk.

Medlemskap i andre organisasjonar:

FolkOrg er medlem i:

- Norsk musikkråd
- Frivillighet Norge
- Kulturalliansen
- Musikkindustriens Næringsråd
- Balansekunst
- European Folk Network
- Nordisk Folkemusikkomité / Nordic Folk Council

Folkelarm er medlem i Norske Kulturrangører.

FolkOrg er medstiftar av:

- Telemarkfestivalen
- Førdefestivalen
- Den Norske Folkemusikkveka
- Hilmar Alexandersens Folkemusikkfestival
- Etnisk Musikklubb (medstiftar og deleigar)
- Musikkutstyrssordningen
- Stiftinga Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans
- Kulturalliansen
- European Folk Network

HEIDERSMEDLEMAR

Amund Bjørgen og Sigvald Rørlien

vart utnemnde til heidersmedlemar i FolkOrg under meisterkonserten på Landskappleiken i Lom.

Pr. 31.12.2023 har vi 38 heidersmedlemar i FolkOrg.

Følgjande heidersmedlemar gjekk dessverre bort i 2023: Sven Nyhus og Tarjei Romtveit.



ØKONOMI OG REKNESKAP

FolkOrg har bra økonomisk kontroll. Over fleire år har organisasjonen hatt edrueleg og forsiktig pengebruk. Styret og landsmøtet vedtok eit budsjett for jubileumsåret 2023 der planen var å leggje vekt på ei brei og mangfaldig feiring. Det vart budsjettet med å bruke 1 037 432 kroner av eigenkapitalen til formålet. Dette for å få til eit storstilt 100-årsjubileum som både skulle engasjere, inkludere og gje merksemd til sjangeren og organisasjonen. FolkOrg fekk også 1 million kroner ekstra til jubileumsåret frå KUD.

Resultatmessig viser rekneskapen for 2023 at vi går 73 000 i minus. Dette er ein stor differanse samanlikna med budsjettet som la opp til litt over ein million i underskot. Hovudgrunnen til denne differansen er

ein del øyremerkte DEXTRA-midler som har samla seg opp i perioden 2021–2023. Dette er prosjektmidlar som ikkje har vore brukte opp, og blir overført til 2024. I tillegg vart det slik at FolkLeiarUng ikkje vart gjennomført hausten 2023 som planlagt, men blir gjennomført fullt ut våren 2024. Totalt sett vart det altså i 2023 eit mindreforbruk på DEXTRA-prosjektet som skjuler det budsjetterte underskotet. Det inneber at det budsjetterte underskotet som skulle ha kome for organisasjonen i 2023, kjem i 2024.

Ved årskiftet er det ein eigenkapital på ca. 3,3 millionar kr i organisasjonen.

Vedlegg: Signert rekneskap ligg ved bak i årsmeldinga.

ADMINISTRASJONEN

Administrasjonen held til i eit kontorlokale i Møllergata 39 i Oslo. Der er administrasjonen samlokalisert med ei rekke andre musikkorganisasjonar. Dei tilsette i FolkOrg i meldingsåret har vore:

Linda Dyrnes	Dagleg leiar (til mai)
Kristian Hanto	Konstituert dagleg leiar (frå mai til september)
Aslak Brimi	Dagleg leiar (frå september)
Jorun Hagen	Kontormedarbeidar
Liv Annette Nygjerdet	Kommunikasjonsrådgjevar
Ann Helen Erichsen	Rådgjevar med ansvar for utøvarutvikling og prosjektleiar for Folkelarm. Var også prosjektleiar for jubileumsåret.
Solfrid Gjeldokk	Rådgjevar med ansvar for barne- og ungdomsarbeid, lokallag og rekruttering
Sina Myhr	Rådgjevar for Landskappleiken, Landsfestivalen, lokalkappleikar og FolkleiarUng
Audun Stokke Hole	Redaktør i bladet Folkemusikk
Johanne Flottorp	30 prosent stilling som skribent/journalist i Folkemusikk
Live Visdal	Vikar for Sina Myhr og Ann Helen Erichsen
Jostein Aardal	Engasjert som medredaktør og journalist i bladet Folkemusikk

I administrasjonen var det til saman sju faste årsverk. I tillegg har vi hatt prosjektleiar for jubileumsåret i ei mellombels stilling. Vi har òg til saman 0,2 årsverk som kan brukast til å leige inn ekstrahjelp og konsulentar når det trengst.

Administrasjonen har i tillegg til det som er nemnt i langtidsplanen, sjølv sagt ei rekke andre oppgåver som tek mykje tid, men som

ikkje alltid er like synlege. Døme på dette er fakturering, økonomioppfølging, oppdatering av medlemssystem, personaloppfølging, sakshandsaming og møteførebuingar, forsikringar, abonnementsoppfølging, rapporteringar, jamleg oppdatering av nettsider, svar på ulike førespurnader og andre oppgåver som er naudsynte når ein driv ein organisasjon.



JUBILEUMSÅRET 2023

I 2023 feira FolkOrg 100 år. I løpet av året var det mange ulike prosjekt og arrangement. Ann Helen Erichsen var tilsett som prosjektleiar. I tillegg var det ei jubileumsnemnd som var med og planla programmet og arrangementa. Frå styret i FolkOrg var Hilde Reitan, Camilla Granlien og Torfinn Hofstad med i nemnda, medan Linda Dyrnes, Solfrid Nestegaard Gjeldokk og Liv Annette Nygjerdet var med frå administrasjonen. Dette arbeidet og dei økonomiske ressursane har til saman lagt rammene for kva organisasjonen kan gjennomføre i jubileumsåret.

FolkOrg fekk 1 million kroner frå KUD til jubileet, og det vart budsjettet med å bruke litt over 1 million kroner av FolkOrg sin eigenkapital. Målsettinga for jubileet har vore å vise heile breidda innanfor folkemusikken og folkedansen, og under tek vi for oss nokre av høgdepunkta.

Merk også at utsegnene på side 6 og 51 er henta frå jubileumsboka og frå jubileumskonserten i Grieghallen, og at artikkelen side 7–12 er henta frå jubileumsboka.

Jubileumsopning med konsert på Riksscenen
11. februar var det offisiell opning av jubileumsåret med kultur- og likestillingsminister Anette Trettebergstuen. Varaordførar i Oslo, Abdullah Alsabeehg, deltok også. Programleiarar var Kristian Hanto og Camilla Granlien.

FolkOrg inviterte vinnarane av Folkelarm-prisen i 2022 til å oppstre under opningskonserten. Blant dei som opptrødde, var Synnøve Brøndbo Plassen, Eir Vatn Strøm, Tuva Færden og Johanne Flottorp, og Over Stok og Steen. Det var danseinnslag med tidlegare og neverande dansarar frå BULder og Brak, og danseparet June Thorsen og Kjell Nomeland frå Setesdal. NMH sitt Folk Big Band hadde verdspremiere under opningskonserten. Etter konserten var det dansefest i kjellaren med mellom andre gruppa Over Stok og Sten.

Jubileumsboka «SONGEN DANSEN SPELET»

Jubileumsboka vart ei praktbok på 336 sider. Den visuelle utforminga, oppbygginga og dei mange bileta gjer at det er ei bok som ikkje mistar aktualitet, og som ikkje treng lesast frå perm til perm.

Redaktørar for boka var Rasmus Stauri og Sigrid Moldestad, og Knut Utler var bilderedaktør. I tillegg til redaksjonen har til saman 45 personar bidrege med tekst. Dessutan inneholdt boka helsingar frå styret, Hennar Majestet Dronninga og kultur- og likestillingsministeren.

Jubileumsboka vart lansert i foajeen i Grieghallen under jubileumshelga i oktober. Det var først eit musikalsk innslag av samspelgruppa ved Ole Bull Akademiet. Deretter vart redaksjonen intervjuva av Ida Habbestad. Til stades i Bergen var også Kristin Mack Alnæs, som har vore ansvarleg for den grafiske utforminga av jubileumsboka.

Jubileumshelg i Bergen

FolkOrg inviterte til flott og storstått feiringshelg i Bergen 13.–14. oktober. Det var konsertar, kappleik og boklansering.

Vestlandskappleiken var lagd til Bergen same helga og hadde rekordpåmelding. Tevlingane heldt fram til Jubileumskonserten starta laurdag i Grieghallen. Vestlandskappleiken vart eit svært vellukka arrangement med stor deltaking.

FolkOrg inviterte til ein midt-på-dagen-konsert med Knut Buen. Buen prata på sin lune måte om kjelder, spelestilar, folk med gode replikkar og konsentrert livsvisdom som har prega og inspirert meisterspelemannen som utøvar. Kristian Hanto var Knut Buen sin samtalepartnar, og Borghild Hardang-Hanto og Kristian dansa til eit par slåttar. Knut Buen gav oss hjartespel og gode ord på vegen.

Jubileumskonsert med påfølgjande dansefest

Kultivator AS ved Mette og Vegar Vårdal hadde den kunstnariske leiinga for jubileumskonserten. I lag med prominente gjestar som dronning Sonja, kultur- og likestillingsministeren, statsforvaltaren, fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren var det ein nesten fullsett Griegsal med folk som elskar folkemusikk og -dans!

Det var 200 fantastiske musikarar og dansarar på scena. I regi av Mette og Vegar Vårdal gav dei oss årets flottaste, vakkreste og mest rørande konsert. Sart og vakkert, rått og eggjande, solistar og lag, dans og korsong. Og ikkje minst: 100 barn med supergroovy spel! Og sjølvsagt, ein hallingdansar kledd som sumobrytar. Det kunne ikkje vere betre. Dansefesten vart gjennomført i samarbeid med dei lokale tilskiparane av Vestlandskappleiken.

Deltakarar frå kappleiken og jubileumskonserten var inviterte til å spele opp til dans. Det vart dansespel med Osterøy spel- og dansarlag, Haugesund og Suldal spelemannslag, Anders Erik Røine, Inge Gjevre og Vegar Vårdal, Indre Sunnfjord Spelemannslag, Aslak Brimi og Steinar Odde, Vegard Hansen og Ragna Valde Sletten, Alexander Aga Røynstrand, og Strengjarhaugen Spelemannslag (studentar frå Ole Bull Akademiet).

Jubileumsslåtten

Hausten 2022 lyste FolkOrg ut ein konkurranse der vi sökte etter ein jubileumsslått. Ein jury kåra Øyvind Sandums marsj til vinnar, og etter ein namnekonkurranse fekk slåtten namnet «Hundreåringen». Denne marsjen vart fyrste gong framført på opningskonserten 11. februar 2023, og vart utgjeven og tilgjengeleggjord på digitale strøymetester på Melovitten. Ronny Kjøsen arrangerte jubileumsslåtten for kor, korps, trekkspelklubb og spelemannslag. På nettsidene våre har folk høve til å bestille arrangement gratis, og det er over 50 ulike personar som har bede om arrangement av jubileumsslåtten i løpet av året.

«Hundreåringen» har òg blitt arrangert for KORK av Karl Johan Ankarblom, og vart spelt under NRK sin tradisjonelle julekonsert på Rudi Gard. Her var årets vinnar av Øyvind Berghs minnepris, Trygve Liahagen, solist i lag med KORK.

Aktivitetar i samarbeid med andre

Lån ein folkemusikar

UNOF og Ung i kor lånte ut ein folkemusikar til sine kor og orkester i høve 100-årsjubileet og folkemusikken og folkedansens år. Dei gjennomførte fire søknadsrundar, og vi har tipsa om aktuelle folkemusikarar etter søknadsrundane. Det vart mellom 40 og 50 tildelingar.

Debatt på Kulturytring 20. juni: «Er den immaterielle kulturarven usynleg?»

Vi gjennomførte ein debatt om den immaterielle kulturarven i eit samarbeid med Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Kulturvern forbundet. Debattantar var Tage Pettersen (H), Åslaug Sem-Jakobsen (Sp), Katy Lie (SV) og Emma Lind (V). I panelet for arrangørane var Tore Friis-Olsen (Forbundet Kysten), Annbjørg Lien (Setesdalsfolk), Ellen Krageberg (Norsk senter for folkemusikk og folkedans) og Solveig Grinder (Norges Husflidslag). Utøvarar frå Setesdal som deltok, var Lars Nordgreen Rysstad (song og dans), June Salte Thorsen (dans) og Eivind T.L. Knutsen (hardingfele og munnharpe).

Landslaget for spelemenn - 100 år med folkemusikk på 90 minutt

Det vart tidleg i planlegginga teke initiativ til eit samarbeid med Vossajazz, som fylte 50 år i 2023. I lag med Riksscenen kom ideen om eit landslag opp, inspirert av dei som grunnla organisasjonen. Førdefestivalen vart også invitert med i prosjektet. Det musikalske materialet skulle representere 100 år med folkemusikk.

Konserten fekk namnet «100 år med folkemusikk på 90 minutt», der forfattar og skodespelar Liv Gulbrandsen losa oss gjennom folkemusikksga, med ein outsiders respektable skråblikk, akkompagnert av eit musikalsk stjernelag: Landslaget for spelemenn.

Dei faste spelarane var Tuva Syvertsen, Erik Sollid, Ronny Kjøsen, Juhani Silvola, Veslemøy Narvesen, Nina Fjeldet og Sondre Meisfjord. Oppmann og musikalsk strateg var Jørund Fluge Samuelsen. På kvar lokasjon dei spelte, hadde dei ein innbytarbenk som utfordrarar. Urpremieren vart under Vossa Jazz 1. april med Stian Carstensen, Kirsten Bråten Berg, Tore Brunborg og Voss Spelemannslag på benken.

På konserten i Førde var innbytarbenken John André Eira, Liv Merethe Kroken og Sigrid Moldestad. I Oslo var innbytarane Erlend Apneseth, Øyunn Groven Myhren, Elias Akselsen og John André Eira.



VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Måla som er sette i langtidsplanen til FolkOrg, er ikkje alle like enkle å måle. Det er målsettingar som er langsiktige, og som ikkje er av ein slik art at vi kan seie at vi no har oppnådd dei. Det kan vere ei utfordring å finne målemetodar som er objektive, samstundes som dei gjev oss informasjon som er av verdi. Vi har ikkje prioritert å bruke mykje tid på å gjennomføre større undersøkingar, men har valt nokre metodar som kan gje ein indikasjon. I tillegg til konkrete tal vil nokre mål òg bli vurderte kvalitativt.

FOLKEMUSIKK- OG DANSETRADISJONANE I NOREG SKAL STÅ STERKT

Indikatorar på oppnåing av målet:

- Det skal vere attraktivt å utøve, formidle og undervise i folkemusikk og -dans.
- Det skal vere attraktivt å arrangere kappleikar, kurs, konserter og dansefestar.
- Det skal vere attraktivt å delta på arrangement og kappleikar.


Målemetodar

Tal på søknader om å arrangere LK og LF:

Arrangement	2013	14	15	16	17	18	19	22	23	24	25	26
Landskappleiken	1	2	1	2	0	2	1	1	1	1	1	2
Landsfestivalen i gammaldansmusikk	1	1	1	3	1	1	1	1	1	1	1	1

*) På grunn av pandemien og avlysning av arrangementa i 2020 og 2021 vart det forskyving på arrangørstadene, og vi har derfor sett inn dei åra der vi har arrangørar.

Tal på lokal- og fylkeskappleikar:



Deltaking på Landskappleiken og økonomisk resultat:

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2022	2023
Deltakarar	1400	1416	1423	1460	1299	1542	1596	1200	1500
Innslag	438	471	470	457	446	453	532	471	472
Økonomisk resultat (1000kr)	372	451	309	1 350	420	162	850	-27	316

Med «innslag» meiner vi faktisk antal ulike og einskilde innslag i løpet av arrangementet.

Deltaking på Landsfestivalen i gammaldansmusikk og økonomisk resultat:

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2022	2023
Deltakarar	440	432	920	886	709	979	949	1120	1095
Innslag	123	94	177	169	129	186	172	227	213
Økonomisk resultat (1000 kr)	-72	3	1 129	950	669	758	400	817	491

Med «innslag» meiner vi faktisk antal ulike og einskilde innslag i løpet av arrangementet.


Tal på studietimar og tilskot til lokallag i FolkOrg gjennom Musikkens studieforbund:

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Studie-timar	6229	5638	5577	6247	5877	5962	6113	4079	3769	6409	6765
Tilskot (1000 kr)	588	538	531	585	569	570	638	665	595	649	780

Frifond organisasjon: Tal på søknader fra våre lag og total sum til utdeling:

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Tal på søknader	34	41	37	22	33	20	19	23	28	27
Tal på innvilga søknader	31	38	30	20	26	19	18	22	23	22
Tilsegns-sum (1000 kr)	347	450	544	536	540	541	545	576	576	616

Momskompensasjon - søknader fra lokallaga i FolkOrg:




Momskompensasjon - søknader frå lokallaga i FolkOrg:



Økonomisk ramme for aktivitetstilskot-ordninga er 200 000 kr.
Rekrutteringsstøtteordninga som var frå 2015–22, vart frå 2023 implementert i aktivitetstilskot-ordninga.

Rekrutteringsprosjekt Dextra Musica:



Billettsal Folkelarm:

2016	2017	2018	2019	2021	2022	2023
612 billettar totalt	398 billettar totalt	616 billettar totalt	538 billettar totalt	300 billettar totalt	397 billettar totalt	217 billettar totalt
Tredagarspass: 33	Tredagarspass: 17	Tredagarspass: 24	Tredagarspass: 19	Tredagarspass: 50	Delegatpass: 40	Delegatpass: 46
Fredag Dagspass: 122 Todagarspass: 79	Fredag Dagspass: 74 Todagarspass: 34	Fredag Dagspass: 84 Todagarspass: 78	Fredag Dagspass: 100 Todagarspass: 62	Fredag Dagspass: 71 Todagarspass: 38	Fredag Dagspass: 122 Todagarspass: 3	Fredag Dagspass: 86 *
Laurdag Dagspass: 158	Laurdag Dagspass: 130	Laurdag Dagspass: 216	Laurdag Dagspass: 156	Laurdag Dagspass: 119	Laurdag Dagspass: 109	Laurdag Dagspass: 82

Søkjalarar IntroFolk:

2012	2014/15	2017/18	2020	2022
15	11	10	9	13

Det var ikkje introFolk i 2023, så tala er med kun for å vise aktivitet over tid i organisasjonen.

Oppsummert for målet «Folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg skal stå sterkt»

Som oppsummering for målet om at «Folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg skal stå sterkt» ser vi at tala viser at vi er på veg opp mot før-pandemivå. Talet på lokalkappleikar og arrangement rundt om i lokallaga er på god veg opp. Talet på søknader både til Frifond og aktivitetstilskot er gode og viser bra aktivitet. Søknaden om momskompensasjon er rekordhøg.

Når vi ser på utviklinga av talet på studietimar, så er det ein auke på 5,5 % frå 2022.

FolkOrg har i 2023 følgt opp arbeidet med å legge til rette for at miljøet blir opplevd som trygt og inkluderande. Sjå meir under særskilde satsingar.


FOLKEMUSIKKEN OG -DANSEN I NOREG ER KJEND OG SYNLEG NASJONALT OG INTERNASJONALT

Indikatorar på oppnåing av målet:

- Auka interesse for og kunnskap om folkemusikk og -dans
- Auka omtale og bruk av folkemusikk og -dans

Målemetodar

Tal på abonnementar bladet Folkemusikk:



Folkemusikk var ein del av innkjøpsordninga for bibliotek fram til og med 2019. Ordninga vart avvikla frå 2020. Det ført til ein nedgang på 411 abonnement.

Kvalitative vurderingar:

- Noreg er vorte plukka ut til å vere partnarland på Showcase Scotland, den viktigaste showcase-festivalen for folkemusikkfeltet i Europa, i 2024. Det vart kunngjort under Showcase Scotland i januar 2023. Utveljinga har skjedd som eit resultat av nettverksbygging over fleire år. Sjå meir under særskilde satsingar.
- Over mange år har FolkOrg hatt eit tett og godt samarbeid med NRK. Veldig bra var det at NRK lanserte serien «Trollstemt», ein dokuserie med fire episodar, i FolkOrg sitt jubileumsår. I tillegg var folkemusikken tema for NRK og KORK sin julekonsert i 2023.
- Gjennom 2023 og jubileumsåret har vi fått synt oss fram i mange høve og på mange ulike arrangement vi vanlegvis ikkje har vore med på.

FOLKORG ER EIN VIKTIG RESSURS PÅ FOLKEMUSIKK- OG FOLKEDANSFELTET

Indikatorar på oppnåing av målet:

- Vi skal nytte og synleggjere kompetansen og erfaringa til medlemmene
- Det skal vere attraktivt å vere medlem i FolkOrg.
- FolkOrg skal vere ein tydeleg og synleg kulturpolitisk aktør
- FolkOrg skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar.

Målemetodar

Tal på medlemar i FolkOrg:



	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Barn/unge	553	588	592	604	640	623	628	561	503	519	555
Yrkesutøvarar	120	114	116	158	173	200	196	206	242	262	296
Lokallag	143	141	144	143	144	143	144	149	150	151	150
Områdelag	11	11	11	10	10	10	10	10	10	10	10
Arrangørmedlemar	-	-	-	-	-	-	-	3	5	6	11

Med barn og unge meinast her medlemar under 18 år.

Kvalitative vurderingar:

- Vi har vore aktive når det gjeld å leve opp høyringsinnspel og deltaking i ulike høyrings- og innspelsmøte som departementa og Stortinget har arrangert. Både familie- og kulturkomiteen og politisk leiing i Kulturdepartementet er godt kjende med FolkOrg. Sjå meir under kapittelet om kulturpolitisk arbeid.
- Vi er med i ei rekke samarbeidsforum og samarbeidsprosjekt både innanfor og utanfor folkemusikkmiljøet. Døme på det er Arrangørforum, samrådingsmøte for folkedans, folkemusikkcenter, Frivillighet Norge, Norsk musikkråd, Kulturralliansen, Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Musikkindustriens næringsråd, Balansekunst, Norsk kulturforum og European Folk Network. Arbeidet under pandemien har forsterka forståinga for at vi må arbeide i lag for å oppnå måla våre.
- Vi var medarrangør for debatt under Arendalsuka i samarbeid med dei andre organisasjonane i Arrangørforum.
- Saman med Arrangørforum arrangerte vi debatt om statsbudsjettet på Youngs, med kulturministeren som hovudtalar.
- Vi var medarrangør for debatt på Kulturytring Drammen i juni. Debatten hadde vi i lag med Norsk senter for folkemusikk og folkedans, i samband med jubilea våre. Tematikken var immateriell kulturarv.
- FolkOrg har vore aktiv deltakar på ei rekke møte, seminar og debattar gjennom året.



SÆRSKILDE SATSINGAR FOR PERIODEN 2021–2023

LAG OG MEDLEMAR	INFORMASJON / FORMIDLING / DOKUMENTASJON
<ul style="list-style-type: none"> Dextrasatsinga: Følgje opp og vidareutvikle rekrutteringsprosjektet. Utarbeide og gjennomføre prosjektet "FolkLeiarUng". Stimulere til auka aktivitet gjennom rådgjeving og ny tilskotsordning. Arbeide for at folkemusikk-og folkedansmiljøet skal vere trygt og inkluderande for alle. Utarbeide ei ressursside for tillitsvalde, utøvarar og arrangørar. 	<ul style="list-style-type: none"> Planlegge ei større markering av at FolkOrg / Landslaget for Spelemenn er 100 år i 2023. Utarbeide ein informasjonsstrategi for internt og eksternt informasjonsarbeid. Forbetre dei digitale publiseringaskanalane våre.
FOLKEDANS	UTØVARAR OG ARRANGØRAR
<ul style="list-style-type: none"> Samarbeide med laga om å styrke folkedansen og auke talet på dansearrangement. Stø opp om arbeidet i laga med å rekrutttere og lære opp danseinstruktørar. Stø opp om realiseringa av bachelorstudiet i folkedans. 	<ul style="list-style-type: none"> Halde portalen folkartist.no aktuell og oppdatert for å bidra til at folkemusikkarar, folkedansarar og instruktørar får fleire jobbar. Arbeide for ei meir rettvis TONO-ordning for folkemusikksjangeren. Vere pådrivar for å formalisere arbeidstilhøva for instruktørar.
KULTURPOLITISK ARBEID	
<ul style="list-style-type: none"> Arbeide for gode regionale strukturar og ordningar innanfor folkemusikk- og folkedansfeltet og slik styrke rammevilkåra for lag, artistar, arrangørar og arkiv. Stø opp om arbeidet for å få på plass digitale publiseringsteknologiar for arkiva. Støtte opp om arbeidet med å få oppdaterte læreverk for sjangeren. Vere pådrivar for å styrke internasjonal kulturutveksling og satsing på eksport av norsk kultur. 	

OPPNÅING AV MÅL FOR DEI SÆRSKILDE SATSINGANE

Lag og medlemmer

Dextra-satsinga

Dextra Musica har sidan 2016 gjeve FolkOrg økonomisk støtte til rekrutteringsarbeid for barn og unge. I 2023 fordele FolkOrg midlar til 14 ulike rekrutteringsprosjekt fordele over store delar av landet. No blir stønaden vidareført med heile 4,9 millionar for dei tre komande åra, i perioden 2024–2026. Denne treårige tildelinga gjer at organisasjonen kan støtte opp om dei allereie eksisterande prosjekta, og dessutan gje nye prosjekt eit føreseieleg grunnlag for langsigktig arbeid. Desse midlane skal gå både til ulike typar rekrutteringsprosjekt og brukast til dei nyoppstarta prosjekta FolkLeiarUng for unge leiarar innanfor spel og dans.

Vi arrangerte eit digitalt rekrutteringsseminar 6. juni. Seminaret fokuserte på samtaler, idémyldringar og diskusjonar der problemstillingar, erfaringar og tankar kring rekrutteringarbeid kunne delast. Målet med seminaret var å inspirere deltakarane og dele nyttige erfaringar.

FolkOrg inviterer årleg til seminar om rekruttering. I år vart seminaret arrangert 17. november i samband med Folkelarm på Riksscenen i Oslo. Seminaret hadde god oppslutning, både av representantar frå dei ulike rekrutteringsprosjekta og av andre som arbeider for, eller er interesserte i, rekruttering innanfor folkemusikk og folkedans.

FolkLeiarUng

FolkLeiarUng rettar seg mot folkemusikarar i alderen 15–23 år som ønsker å utforske rolla som musikalsk leiar. Prosjektet tek sikte på å gje deltakarane fagleg og musikalsk utvikling der musikalsk leiing står i fokus. Instruktørane er Vegar Vårdal og Kristoffer Kleiveland. Prosjektet er òg meint å vere eit bidrag til laga og klubbane ved at dei eldre ungdommane får eit tilbod som kan auke motivasjonen til å halde fram med spelinga og lagsaktiviteten. Instruktørane Vegar og Kristoffer følgjer opp både deltakarar og dei tilhøyrande

spelemannslaga og trekkspeklubbane mellom samlingane. I prosjektåret 2022/2023 var det med ni deltakarar frå ni ulike lag, fordele på instrumenta fele, toradar, trekkspele, song, fløyte og langeleik. I prosjektåret 2023/2024 var det med sju deltakarar frå sju ulike spelemannslag og trekkspeklubbbar, fordele på instrumenta vokal, fele, hardingfele, og toradar.

Prosjektet er finansiert med stønad frå Dextra Musica. Nytt for tildelinga i 2024–2026 er at FolkLeiarUng blir utvida med eit tilsvarande prosjekt for folkedansarar frå hausten 2024.

Stimulere til auka aktivitet gjennom rådgjeving og ny tilskotsordning

Aktivitetstilskot er ei tilskotsordning oppretta av FolkOrg i 2021, der hovudmålet var å stimulere til lokal aktivitet i heile landet og oppmode medlemmar og lag til å søkje om tilskot til både små og store aktivitetar. I 2023 vart FolkOrg si rekrutteringsstøtte slått saman med aktivitetstilskotet, slik at det no er ei felles ordning for medlemane våre. Den totale potten er på 200 000 kroner med søkerfrist i april. Det blir kontinuerleg sendt ut informasjon om aktuelle saker, hendingar og søkerfristar til lokallag og områdelag i form av e-post, innlegg på Facebook og artiklar på heimesida.

FolkOrg ønskjer å skape eit tettare samarbeid og dialog mellom sentralleddet og lokallaga og byrja i 2021 med eit digitalt tilbod vi har kalla Lokallagskaffi. Vi ønskjer at dette skal vere ein møtestad mellom lokallaga og administrasjonen i FolkOrg, der vi informerer medlemane våre om nyhende og relevant informasjon, og der lokallaga kan utveksle erfaringar, stille spørsmål og informere om sin aktivitet. Vi har fått gode tilbakemeldingar frå deltakarane på lokallagskaffen om at dette er eit tiltak dei set pris på, og vi arbeider kontinuerleg med å gjøre tilboden endå betre og få med endå fleire.

Arbeide for at folkemusikk- og folkedansmiljøet skal vere trygt og inkluderande for alle

FolkOrg er medlem i Balansekunst, ei medlemsforeining for kulturverksemder som jobbar for eit likestilt og mangfaldig kulturliv. I november 2023 var det to år sidan FolkOrg oppnådde Balansemerket, ei merkeordning mot seksuell trakassering og diskriminering i kulturlivet. Balansemerket blir tildelt for to år om gongen. Det var dermed på tide å evaluere handlingsplanen og arbeidet som vart gjort frå 2021 til 2023, og å sette kurset for dei neste to åra. Det meste på handlingsplanen var gjennomført, men vi treng å arbeide meir med å få lokallaga til å sette temaet på dagsordenen.

Målet med dette arbeidet er at folkemusikk- og folkedansmiljøet skal opplevast trygt og inkluderande for alle. Eit eksempel på tiltak vi har sett i gang, er kravet til lokale arrangørar av Lanskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk om at hovudnemndene må ta eit todelt kurs frå Balansemerket: eit individuelt nettkurs og eit fysisk kurs leia av Balansekunst. Målet med kursa er å sette temaet på dagsordenen og kome fram til ulike tiltak som kan gjere at arrangementet blir opplevd endå tryggare for alle. I etterkant av arrangementa blir tiltaka evaluerte og eventuelt vidareførte til neste års arrangør.

Under Folkelarm 2023 testa vi ut ein haldningskampanje for å auke bevistgjering kring problemstillinga. Erfaringane var positive, og vi vil vidareutvikle konseptet fram mot neste års arrangement. Dei neste to åra skal vi jobbe vidare med ein del av tiltaka som vi allereie har sett i gang. I tillegg skal vi rette søkjelyset mot mangfaldsbevisst rekruttering.

Utarbeide ei ressursside for tillitsvalde, utøvarar og arrangørar

I 2021 starta vi eit større omstillingsarbeid av alle nettsidene i FolkOrg. I 2022 vart vi ferdige med nettsidene for Lanskappleiken, Landsfestivalen og Folkelarm. I løpet av 2023 har det vore arbeidd med utforming av ei ressursside på nettet for tillitsvalde og arrangørar. Dette vert ei nettløysing der medlemane våre innanfor dei ulike felta, for eksempel styre i lokallag, og medlemsarrangørar, kan logge seg inn og både finne og dele informasjon. Dette blir ferdigstilt i 2024. Vi har som mål å sette opp ei liknande ressursside for yrkesutøvarmedlemmar i FolkOrg, anten i denne nettløysinga eller i samband med nettsida FolkArtist.no.



Informasjonsarbeid

Jubileumsåret 2023

Sjå grundig gjennomgang frå side 17.

Utarbeide ein informasjonsstrategi for internt og eksternt informasjonsarbeid

Informasjonsstrategien er ein del av omstillingsarbeidet for både nettsider, sosiale medium og anna informasjonsarbeid i FolkOrg. Vi arbeider kontinuerleg med strategiutvikling i samband med dette, og har arbeidd med ei strategiskisse som skal ferdigstilla i 2024.

Forbetre dei digitale publiseringsskalanane våre

I samband med 100-årsjubileet har vi arbeidd med å lage ein arrangementskalender for å kunne syne alt som skjer i landet, samla på éin plass. Han vart ferdigstilt i 2023. Vi vonar å vidareføre kalenderen i komande år som ein fast informasjonskanal for heile folkemusikkfeltet. Arbeidet med å fornye nettsidene til FolkOrg og Folkemusikk har gått gjennom heile 2023, og nettsidene vert ferdigstilte i 2024.

Folkedans

Arbeidsfeltet folkedans omfattar deltaking i samrådingsmøte for folkedans, i lag med mellom andre Noregs Ungdomslag (NU), Norsk senter for folkemusikk og folkedans (Sff), Riksscenen og dei ulike dansekompania og utdanningsinstitusjonane. Hovudmålet til samrådingsmøtet har dei siste åra vore å arbeide for å etablere ei bachelorutdanning i folkedans. Det var difor særskilt gledeleg at det i september vart offentleggjort at finansiering var på plass, og at utdanninga vert oppretta på USN Rauland med oppstart frå hausten 2024. Ein viktig milepåle for folkedansen!

På Folkelarm samarbeidde FolkOrg med NU og Sff om å arrangere arkivdansekonserten «Med hjerte i rørospolen». Dette var ein kombinasjon av framsyning og seminar, der publikum verkeleg fekk gå i djupna på polstradisjonen frå Røros. Det vart synt fram arkivopptak av både spelarar og dansarar frå Røros-området, i tillegg til at det vart formidla levande dans og musikk.

Utøvarkatalogen folkartist.no er no lansert, og målet er at katalogen etter kvart skal innehalde ei oversikt over både utøvarar og instruktørar. I samarbeid med NU og Riksscenen har det vore arbeidd med og planlagt ein vekelang dansefestival, DANS DANS DANS, siste helga i januar 2024. Målet er å få dette til å bli ein årleg festival.

Utøvarar og arrangørar

Halde portalen folkartist.no aktuell og oppdatert for å bidra til at folkemusikkarar, folkedansarar og instruktørar får fleire jobbar

Det vart arbeidd med portalen folkartist.no gjennom heile 2022 og utover i 2023. Portalen vart ferdigstilt og presentert på Folkelarm i november 2023 og er no i god drift. Vi vil arbeide med å marknadsføre han godt i framtida.

Arbeide for ei meir rettvis TONO-ordning for folkemusikkjangeren

TONO innførte i 2022 nye vilkår for konsertarrangørar der det vert stilt tydelegare krav til søknader om framføringar, rapportering av konsertar og tidsfristar. Med grunnlag i nye lovmessige rammevilkår får konsertarrangørar òg høve til å opplyse om framføring av verk som ikkje blir forvalta av TONO, og kan få ein forholdsmessig reduksjon i vederlagsbetalinga. FolkOrg har vore i dialog med TONO om dette for å få tydelegare retningslinjer på området.

Når det gjeld TONO og bruk av tradisjonsmateriale, får FolkOrg mange spørsmål gjennom året, også frå TONO. FolkOrg har over fleire år hatt ei arbeidsgruppe knytt til desse spørsmåla, som har blitt spurd til råds ved behov i løpet av 2023. Medlemene i gruppa er Tellef Kvifte, Åshild Vetrhus og Karl Seglem. I tillegg har utvalet for yrkesutøvarane vore involvert i saka

Dagleg leiar har vore i møte med TONO fleire gonger hausten 2023

Vere pådrivar for å formalisere arbeidstilhøva for instruktørar

Arbeidet med dette er ikkje kome så langt som vi skulle ønskje. Vi har arbeidd i lag med NU om ein plan for FolkLeiarUng Dans, som startar i 2024. I tillegg er vi i kontinuerleg dialog og i samarbeid med Sff og NU om arbeidet med folkedans og instruktørar i dei halvarlege samrådsmøta for folkedans.



Vinnar av Spellemann 2022, delt ut april 2023: Gabba. Desse spelte også på Folkelarm 2023.



Vinnar av Øivind Berghs minnepris 2023: Trygve Liahaugen

Kulturpolitisk arbeid

Arbeide for gode regionale strukturar og ordningar innanfor folkemusikk- og folkedansfeltet og slik styrke rammevilkåra for lag, artistar, arrangørar og arkiv

Vi lyftar problemstillinga i relevante høyringar og møte. Etter ein idé frå Arrangørforum har regjeringa no teke med i Hurdalsplattforma at dei skal satse på regionale kulturfond. Det kom ikkje midlar til dette på statsbudsjettet for 2024, og vi har kome med kritiske innspel til det.

Vi har lyfta fram og argumentert for finansiering av regionale kompetansesenter i Folkemusikk-Noreg i høyringsinnspelet til stortingsmeldinga Kunsnarkår. Høyringa var i desember 2023.

Stø opp om arbeidet med å få på plass digitale publiseringssverktøy for arkiva

Dette arbeidet hardet ikkje vore tid og ressurser til å arbeide godt med enda.

Stø opp om arbeidet med å få oppdaterte læreverk for sjangeren

Norsk senter for folkemusikk og folkedans er i gang med arbeid på dette området, i samarbeid med utdanningsinstitusjonane på folkemusikkfeltet. FolkOrg er representert i styringsgruppa med Ingeborg Ulberg Sommer.

Styringsgruppa har hatt jamlege møte sidan oppstarten. Det blir arbeidd opp mot politikarane og Kulturdepartementet, og med å få finansiering på plass. Vidare jobbar gruppa med å finne ein god struktur med innhald og design til ny læringsportal. I tillegg til styringsgruppa har det vore eitt ope digitalt møte der styringsgruppa fekk gode innspel på vegen vidare frå fleire personar i miljøet.

Vere pådrivar for å styrke internasjonal kulturutveksling og satsing på eksport av norsk kultur

FolkOrg har saman med Music Norway sett i gang eit fireårig prosjekt for å styrke eksporten av norsk folkemusikk. I 2023 var åtte artistar med, og dei har vore gjennom eit kompetanseprogram med fleire fagsamlingar, og dessutan besøkt Nordic Folk Alliance, Womex og Folkelarm.

Dei åtte artistane i 2023 var Rakkarpakk, Johanna-Adele Jüssi, Erikson/Myhr/Malmström, Julie Alapnes, Sinikka Langeland (trekte seg ut av prosjektet i løpet av året), Helene Bøksle, Aurom og duoen Almir Meskovic og Daniel Lazar.

Noreg, med FolkOrg og Music Norway i spissen, er partnarland under Showcase Scotland i januar 2024, noko vi har vore arbeidd fram mot gjennom heile 2023. I avtala inngår også konsert på Celtic Connections, som går parallelt med showcase Scotland, og er ein av dei største folkemusikkfestivalane i Europa med over 130 000 publikumarar over 18 dagar. Det har vore mange møte og planlegging av dette, og artistane som vart valde ut, var Erlend Viken Trio, Gangar, Ævestaden, Alexander Aga Røynstrand, Julie Alapnes og Gabba. På Folkelarm har vi hatt eit delegatprogram for norske og internasjonale delegatar. Vi arbeider heile tida for å finne dei beste internasjonale delegatane, og for å få fleire norske delegatar utanfor kjernen av folkemusikkarrangørar til å kome på Folkelarm.

FolkOrg var også i 2023 representert på Womex, det største bransjetreffet for folke- og verdsmusikk i verda.

ORGANISASJONENS ARBEIDSFELT I MELDINGSÅRET

BARN OG UNGDOM

FolkOrg har ein eigen rådgjevar som har ansvaret for å arbeide for barn og unge i organisasjonen. Veldig mange av FolkOrg sine lokallag har prosjekt og drift som involverer barn og unge, og vi ser at rådgjevaren vår er ein aktiv rettleiar for mange prosjekt og opplegg i lokallaga.

I alle FolkOrgs arrangement er det opplegg for barn og unge. Noko av det vi er stoltast av, er nettopp det at miljøet femner på tvers av generasjonar. Arrangementa våre er møteplassar for folkemusikk- og folkedansinteresserte i alle aldrar. Vi legg dessutan opp til eigne møteplassar for lokallag som arbeider med barn og unge.

Både på Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk er det juniorklasser for barn mellom 12 og 18 år. Dei som er mellom 4 og 12, er med på sjokoladekappleik, der det ikkje er dømming. På sjokoladekappleiken under Landskappleiken i Lom 2023 var det over 60 startnummer. Også mange av lokallaga har sjokoladekappleik på ulike stemne og lokalkappleikar gjennom året.

I 2023 hadde FolkOrg 100-årsjubileum, og barn og unge var ein stor og naturleg del av feiringa. Mellom anna fekk vi på plass verdas største juniorspelmannslag under den store jubileumskonserten i Grieghallen i oktober, der over 100 barn var med på fele, hardingfele, trekkspele og toradar.

FolkLeiarUng

FolkOrg har over fleire år drive ungdomsprosjektet FolkLeiarUng. Dette er eit prosjekt som rettar seg mot folkemusikkarar i alderen 15–23 år som ønskjer å utforske rolla som musikalsk leiar. Prosjektet tek sikte på å gje deltakarane fagleg og musikalsk

utvikling over to samlingshelgar i året, der musikalsk leiing står i fokus. Instruktørane er Vegar Vårdal og Kristoffer Kleiveland.

Prosjektet er meint å vere eit bidrag til laga og klubbane, slik at dei eldre ungdommane får eit tilbod som kan auke motivasjonen til å halde fram med spelinga og aktivitetene der. Instruktørane Vegar og Kristoffer følgjer opp både deltakarar og dei tilhøyrande spelemannslaga og trekkspeleklubbane mellom samlingane.

I prosjektåret 2022/2023 var det med ni deltakarar frå ni ulike lag, fordelt på instrumenta fele, toradar, trekkspele, song, fløyte og langeleik. I prosjektåret 2023/2024 er det med sju deltakarar frå sju ulike spelemannslag og trekkspeleklubbar, fordelt på instrumenta vokal, fele, hardingfele og toradar.

Prosjektet er finansiert med stønad frå Dextra Musica. Nytt for tildelinga i 2024–2026 er at FolkLeiarUng blir utvida med eit tilsvarande prosjekt for folkedansarar frå hausten 2024.

Rekrutteringsseminar

FolkOrg har sidan 2017 motteke stønad frå Dextra Musica til rekrutteringsprosjekt og rekrutteringsarbeid innanfor folkemusikk og folkedans. Desse midlane vart i dei fyrste åra delte ut til ulike rekrutteringsprosjekt, og har sidan 2021 også inkludert FolkOrg sitt eige prosjekt FolkLeiarUng. I tillegg til desse to satsingsområda arrangerer FolkOrg to rekrutteringsseminar i halvåret, eitt fysisk og eitt digitalt. Desse seminara er meinte som ein møteplass for alle som driv med rekrutteringsarbeid i FolkOrg, og er opne for alle. Representantar frå rekrutteringsprosjekta vert spesielt inviterte til seminara.

I 2023 vart det gjennomført eitt rekrutteringsseminar i samband med Folkelarm. På dette seminaret vart det halde innlegg frå to som no får rekrutteringsstøtte frå Dextra Musica: HardingFolk ved Alexander Aga Røynstrand og Bølingen ved Marianne Tomasgård. I tillegg presenterte FolkOrg FolkLeiarUng-prosjektet. Det var 15 deltakarar på seminaret, og deltakarane fekk moglegheit til å diskutere og dele sine erfaringer med rekruttering i sitt lokallag.

Gnist-prisen

Gnist-prisen vart oppretta våren 2017 og er ein pris som blir delt ut til eit lag som driv med opplæring i folkedans for barn og unge. Det er Gnistfonden som gjev prisen på 15 000 kr, og han blir delt ut årleg i samband med Lanskappleiken. Formålet med prisen er å støtte lag som jobbar medvite med å skape eit godt læringsmiljø blant born og unge som dansar folkedans.

I tillegg til sjølve prisutdelinga vert det også arrangert ei eiga Gnist-samling for ungdom med dans, spel og pizza. Gnist-prisen vart i 2023 delt ut til Fuglen under meisterkonserten på Lanskappleiken i Lom.

Her er juryen si grunngjeving for pristildelinga i 2023

Årets vinnarar av Gnist-prisen starta som ei vidareføring av Bygda Dansar-prosjektet i regionen, og har sidan oppstarten i 2019 klart å bygge opp eit levande folkedanstilbod for born og unge.

Vinnaren jobbar for å vera ein sosial møtestad og ein stad der ein får bli kjent med lokal folkemusikk og folkedans og dei har sidan 2019 hatt over 70 deltakarar innom prosjektet. Tilboden er variert, og inkluderer både helgesamlingar, workshops, turar og fordjupingskurs. Dei har folkedanstilbod for både barn, ungdom og vaksne,

og har gjennom sitt arbeid klart å skape eit positivt, bærekraftig og samlande læringsmiljø for unge som vil danse folkedans.

Årets vinnar av Gnist-prisen har klart å bygge opp eit levande og inkluderande folkedanstilbod for born og unge, og er gjennom sitt grundige og kontinuerlige arbeid ein svært viktig aktør innan folkemusikk og folkedans i Rogaland.

Prosjektet er drive av Tove Solheim og Åshild Vetrhus ved Ryfylkemuseet og det er med stor glede vi vil gje Gnist-prisen 2023 til FUGLEN!

Tidlegare vinnarar av Gnist-prisen:

- 2017: Hugnad Ungdomslag (Torpo i Ål)
- 2018: Gransherad Spel og dansarlag
- 2019: FolkemusikkUNG (Valdres)
- 2020: Leikarringen i BUL Oslo
- 2021: Ikkje delt ut
- 2022: Spelemannslaget Fjelljom (Stryn)



Vinnar av Gnist-prisen i 2023, Fuglen, her representert ved Are August Flannagan Furubotn August og Ingrid Standal Sørheim.

Tilskot til barne- og ungdomsarbeid

FolkOrg forvaltar fleire ulike tilskotsordningar som underledda kan søkje på. Nokre av desse er spesielt retta mot barn og unge. Ordningane for momskompensasjon (frå Lotteri- og stiftelsestilsynet) og aktivitetstilskot (frå FolkOrg) er ordningane som gjev tilskot til sokjarar og tiltak uavhengig av alder. Delar av midlane som vert delte ut innanfor desse ordningane, går til tiltak retta mot barn og ungdom under 26 år, men det vert også delt ut til tiltak og aktivitetar utan spesifiserte aldersgrupper.

Fleire av tilskotsordningane FolkOrg forvaltar, er spesielt retta mot tiltak og aktivitetar for barn og ungdom under 26 år. Dette gjeld følgjande ordningar:

Frifond organisasjon

Gjennom Frifond organisasjon fekk FolkOrg i 2023 tilsegn om kr 615 755,- til utdeling i laga. Frifond organisasjon er ei støtteordning som blir forvalta av LNU på vegner av Kulturdepartementet, og midlane går til arbeid blant barn og unge under 26. Det er mange lokallag som har både små og store prosjekt knytte til barn og unge. Det kom inn 27 søknader i 2023, og 23 sokjarar fekk innvilga stønad.

Vedlegg: Liste over mottakarar av tilskot frå Frifond organisasjon 2023



Rekrutteringsprosjekt gjennom DEXTRA

FolkOrg har sidan 2016 fått midlar frå Dextra Musica til å stø opp om større rekrutteringsprosjekt innanfor folkemusikk og folkedans i Noreg. Eit av hovudmåla med denne støtteordninga er å hjelpe i gang solide rekrutteringsprosjekt som fører til varige tilbod. Prosjekta som får tildelt midlar, må difor ha ein tydeleg intensjon om langvarig aktivitet og ein plan for vidare drift etter at støtta frå FolkOrg og Dextra Musica er avslutta. Sumaren 2023 fekk FolkOrg tildeling for tre nye år frå Dextra Musica for perioden 2024–2026.

I 2023 kom det inn 20 søknader, og FolkOrg vedtok å tildele midlar til 14 rekrutteringsprosjekt.

Vedlegg: Liste over mottakarar av Dextra Rekrutteringsprosjekt 2023



LAGSUTVIKLING

Det blir kontinuerleg sendt ut informasjon om aktuelle saker, hendingar, støtteordningar og søknadsfristar til lokallag og områdelag i form av e-post, innlegg på Facebook og artiklar på heimesida.

Lokallagskaffi

FolkOrg ønskjer å skape eit tettare samarbeid og dialog mellom sentralleddet og lokallaga og har sidan 2021 arrangert digital lokallagskaffi. Lokallagskaffien går føre seg på Teams, og det er i hovudsak tillitsvalde i lokallag og områdelag som er inviterte. Vi ønskjer at dette forumet kan vere ein møtestad mellom lokallaga og administrasjonen i FolkOrg der vi informerer medlemene våre om nyhende og gjev aktuell informasjon, og samtidig får høyre korleis det står til i dei ulike laga.

"Årets lokallag" 2023

Lokallaga er ryggrada i organisasjonen og syner stor aktivitet, og det er mange lag som fortener heider for arbeidet sitt med folkemusikken og folkedansen. FolkOrg ønskjer å løfte fram det gode arbeidet som lokallaga gjer, gjennom mellom anna å dele ut prisen til «årets lokallag». Alle laga som får denne prisen, har gjennom mange år gjort eit solid arbeid med rekruttering, arrangement og godt frivillig arbeid.

Vinnaren av «årets lokallag» får kr 20 000, og i 2023 var det Øystre Slidre spel- og dansarlag som fekk tildelt denne prisen. Laget fekk prisen mellom anna på grunn av det gode arbeidet dei gjer for å halde oppe eit aktivt og inkluderande folkemusikk- og folkedansmiljø i Øystre Slidre og i Valdres. Prisen vart delt ut i samband med laget si 80-årsmerking 7. oktober på Tingvang i Øystre Slidre.

Øystre Slidre spel- og dansarlag har vore eit av dei største medlemslagene i LfS og FolkOrg i mange tiår. Laget har eit breitt aktivitetstilbod innanfor rekruttering av både born og vaksne gjennom kurs og andre opplæringstilbod. Dei har høg aktivitet og skapar sosiale møteplassar mellom anna med faste dansekeldar ein gong i månaden, konsertar, spelkurs, dansekurs, dansefestar og fleire årlege arrangement som famnar om folkemusikk- og folkedansmiljøet i Øystre Slidre og i Valdres.

Laget har mange aktive kappleiksdeltakarar og har lang tradisjon for å delta i lagdans på Landskappleiken. Under landskappleiken i Lom i år var fleire deltagarar frå laget representerte innanfor både spel, dans og song.

Laget har mykje av aktivitetene sin knytt til lagshuset Spelemannsstogo på Herangtunet, ein bygning der laget dei siste åra har lagt ned mykje arbeid knytt til restaurering og vedlikehald. Leiinga i laget legg ned ein solid arbeidsinnsats og har i tillegg mange kreative innfallsvinklar til aktivitetene i laget, noko som gjer at dei stadig er i utvikling.

Besøk i lokallag og områdelag

Normalt blir fleire av årsmøta i områdelaga lagde til regionale kappleikar og liknande arrangement, noko som gjer at ein òg får høve til å treffe mange representantar frå dei ulike lokallaga. Nokre av årsmøta i områdelaga har vorte gjennomførte digitalt, medan andre har blitt gjennomførte fysisk. I meldingsåret har FolkOrg vore til stades på fire av ti årsmøte i områdelaga. Eitt møte vart gjennomført fysisk, og tre møte vart gjennomførte digitalt.

Momskompensasjon

Lokallag, områdelag og aksjeselskap kan søkje momskompensasjon gjennom FolkOrg, og i 2023 fekk FolkOrg inn 60 søknader (utanom sentralleddet). FolkOrg sende ein samla søknad på kr. 1 961 134,- med godkjende driftsutgifter på kr. 25 952 619,-(inkludert sentralleddet). Etter avkorting fekk FolkOrg (sentralleddet) momskompensasjon på kr. 1 961 134, Valdres folkemusikkarrangement AS kr. 369 971,-, områdelaga (7 lag) kr . 161 816,-og lokallaga (52 lag) kr. 684 118,-. Sentralleddet fekk kr. 745 229,-

Vedlegg: Oversikt over Momskompensasjon 2023

Aktivitetstilskot

FolkOrg har hatt fleire ulike støtteordningar for lokallag og medlemer. I 2023 vart dei tidlegare ordningane Rekrutteringsstøtte, Dansetilskot og Aktivitetsstøtte slått saman til ei felles ordning: Aktivitetsstøtte. Den økonomiske ramma er på kr. 200 000,- og søknadsfristen er i april kvart år. Enkeltmedlemer, lokallag, områdelag og arrangørar kan søkje på ordninga til lokale folkemusikk- og folkedansaktiviteter som har fokus på aktivitet, rekruttering og/eller opplæring. I 2023 kom det inn 26 søknadar til ordninga, og 25 tiltak fekk innvilga stønad.

Vedlegg: Liste over mottakarar av Aktivitetstilskot 2023



ARRANGØRUTVIKLING

Informasjon og rådgjeving

Vi har hatt kontakt, både fysisk og pr. telefon og e-post, med mange av folkemusikkarrangørane i organisasjonen. FolkOrg arrangerer også seminar og ei eiga samling for folkemusikkarrangørar i samband med Folkelarm, sidan dette er den viktigaste møteplassen for dei norske folkemusikkarrangørane.

Ved utgangen av 2023 hadde FolkOrg elleve formelle arrangørmedlemar.

"Årets folkemusikkarrangør" 2023

Prisen «Årets folkemusikkarrangør» har vorte delt ut av FolkOrg sidan 2012 og skal synleggjere godt arrangørarbeid og heidre dei beste arrangørane. Samstundes skal prisen stimulere til dialog, idéutveksling og utvikling på arrangørfeltet. Dei nominerte folkemusikkarrangørane for 2023 var Rudi Gard, Telemarkfestivalen og TrondheimFOLK. Vinnaren av årets pris vart Telemarkfestivalen, og prisen på 20 000 kroner vart delt ut under Folkelarm-prisen 2023.

Telemarkfestivalen starta opp i 1990 som ein internasjonal folkemusikkfestival, og har sidan den gong vore både ein formidlar av tradisjonsmusikk og ein formidlar av nye kunst- og musikkuttrykk. Festivalen har ein lang tradisjon for tingingsverk og nyproduksjonar, og til festivalen i 2023 hadde dei to nye tingingsverk og heile sju nye konsertproduksjonar. Festivalprogrammet i 2023 inneheldt 25 arrangement med høg musikalsk kvalitet og breidde – med både lokale, nasjonale og internasjonale utøvarar.

Telemarkfestivalen arrangerer fleire konsertar gjennom året, både som hovudarrangør og i samarbeid med ulike samarbeidspartnarar som til dømes Bø Jazzklubb. Festivalen har også det administrative ansvaret for turnéprogrammet til Sørnorsk folkemusikksenter.

Arrangørforum

FolkOrg er ein av samarbeidspartane i Arrangørforum. Dei andre partane er Norsk jazzforum, Norske Konsertarrangører, Norske festivaler, Norsk Viseforum, Norsk Bluesunion, Klassisk, nyMusikk og Norske kulturhus. Arrangørforum samarbeider om kulturpolitisk påverking på arrangørfeltet og driv kompetansedeling. Arrangørforum arrangerte ein eigen debatt under Arendalsuka, med opninga av «Det frie feltets tiår», og arrangerte dessutan ein statsbudsjettdebatt i oktober på Youngs med kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery til stades.



Årets Folkemusikkarrangør, Telemarkfestivalen. Her ved festivalsjef Kristoffer Mosfjeld.

UTØVARUTVIKLING

Det har vore lagt vekt på å gje kontinuerleg informasjon om relevante kurs og søknadsfristar for feltet og på oppfølging av viktige kulturpolitiske saker.

Gruppa for yrkesutøvarar

Utøvarar kan melde seg inn i gruppa for yrkesutøvarar i tillegg til å vere vanlege FolkOrg-medlemmar. Med yrkesutøvar meiner ein utøvarar som har inntekt av folkemusikk og/eller folkedans. Pedagogar innanfor feltet og instrumentmakarar blir rekna som yrkesutøvarar i FolkOrg, i tillegg til dei som lever av musikk- og danseutøving. Det er 296 registrerte yrkesutøvarar i FolkOrg, 34 fleire enn året før

Seminar på Folkelarm 2023

Seminarprogrammet under Folkelarm 2023 var variert og innhaldsrikt:

- Seminar med NOPA og Tono: «Sameksistens mellom tradisjon og nyskaping»
- Building an international career with Minna Huuskonen
- TrondheimFOLK med gjester: Bærekraftige helårsarrangørar
- Masterclass for artists and agents with Piotr Pucyo
- Frilansfrokost med Creo og Nion: Prestasjonskultur og psykisk helse
- MØST-seminar “Musikkrettigheter” ved Susanna Wallumrød
- Arkivdansekonsert og paneldebatt

- How to build unique festivals in remote places?
- FolkOrgs rekrutteringsseminar
- Marked og Mingling for plateselskap, artistar, organisasjoner og arrangørar
- Mingling / Meet up and Presentation European Folk Network

Kontakt via sosiale medium

FolkOrg driv forumet «Yrkesutøvarar i FolkOrg» for diskusjon og informasjon på Facebook. Vi driv òg eit tilsvarande forum for kulturskulelærarar innanfor folkemusikk og folkedans.

Fagutvalet for yrkesutøvarar

Fagutvalet for yrkesutøvarar hadde fire digitale møte i 2023, og to av dei digitale møta var for alle yrkesutøvarane. Fagutvalet deltok også på eit dialogmøte med styret i FolkOrg. Medlemane var tilgjengelege for rådgjeving og diskusjonar med styret og administrasjonen både via nettmøte, telefon og e-post. Fagutvalet for yrkesutøvarar er no Mattias Thedens, Jon Bugge Mariussen og Ingebjørg Lognvik Reinholt.

Anna arbeid

Administrasjonen har delteke på seminar på WOMEX, på Nordic Folk Alliance og møte i blant anna Kulturrådet for å halde seg oppdatert på tema som er relevante for utøvarane.



KULTURPOLITISK ARBEID

FolkOrg arbeider aktivt med kulturpolitikk gjennom heile året. Her er døme på det:

Regionale kulturfond

FolkOrg var initiativtakar til regionale kulturfond saman med dei andre organisasjonane i Arrangørforum, og det var såleis gledeleg at regjeringa hadde det med som ei satsing i regjeringsplattforma hausten 2021. Seinare laga vi eit notat med framlegg til innretning av ordninga, saman med organisasjonane i Arrangørforum, Norsk musikkråd og Norsk kulturforum. Under Arendalsuka 2022 lyfta vi tematikken under ein debatt der: «Kan regionane bli redninga likevel? Regionale kulturfond.» Sidan har regjeringa kome med ein strategi for kulturfrivillighet, og regionale kulturfond er ein del av det. Det kom dessverre ikkje midlar over statsbudsjettet for 2024, og dette var noko av det FolkOrg la vekt på i si høyringsuttale hausten 2023. Seinare har vi også hatt dialog med både kulturminister og statssekretær om at regionale kulturfond ikkje er gløymt, og at det er på trappene.

Jubileumsår

I høve jubileumsåret har FolkOrg hatt moglegheit til å møte og ha dialog med politikarar og statsråd(ar) i fleire høve. Vi har fått mykje respons på det arbeidet som har vore gjort på folkemusikk- og folkedansfeltet i 2023.

Før dette hadde vi også møte med både Tage Pettersen (H) og Silje Hjemdal (FrP), begge medlemmar i familie- og kulturkomiteen på Stortinget.

Vi har dessutan vore i dialog med både Oslo og Bergen kommune om tilskot, og med Vestland fylke, i tillegg til at vi har undersøkt andre tilskotsordningar.

Bachelorutdanning i utøvande folkedans

FolkOrg har i lag med Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Noregs Ungdomslag og Universitetet

i Sørøst-Norge (USN) arbeidd aktivt over fleire år for å få finansiering til ei bachelorutdanning i folkedans på USN, campus Rauland. Dette arbeidet gav synlege resultat i september då det vart offentleggjort at finansiering var på plass, og utdanninga blir starta opp hausten 2024.

Eksportsatsing på folkemusikk

Vi har over fleire år hatt godt samarbeid og dialog med Music Norway, mellom anna om eksportsatsingsprosjekt for folkemusikk. Vi har hatt samarbeid med Utanriksdepartementet om det same. Dette har resultert i EXTRA-prosjektet, der norske folkemusikkartistar får mentorering og opplæring, og dessutan fekk vi inngang på Showcase Scotland i januar 2024.

NRK

Vi har hatt tett og god dialog med NRK over fleire år. Gjennom jubileumsåret har NRK vore aktivt med og laga mange fine program om folkemusikk. Størst av alt var dokuserien «Trollstermt», som vart lansert i november 2023.

Statsbudsjettet

Vi leverte innspel til regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett. I høyringsmøtet i familie- og kulturkomiteen tok vi opp dette både skriftleg og munnleg:

- Vi takka for tilskotet og fortalte om arbeidet vårt med folkemusikk og -dans.
- Vi bad om at det må kome midlar til regionale kulturfond i 2024.
- Vi sa at det var bra med full meirverdikompensasjon til frivillige lag, men at vi ikkje er i mål før ordninga er regelstyrt.
- Vi bad om at det må kome øyremerkte midlar til Landskappleiken og Landsfestivalen.
- Vi bad om at det må ryddast i bruken av kulturandelen av tippemidlane.
- Vi bad om at potten til dei viktige fonda for musikarar og dansarar i Norsk kulturfond må aukast.

FolkOrg leverte innspel til utanriks- og forsvarskomiteen i lag med Norsk jazzforum. I tillegg til å sende innspel og vere til stades på høyringane på Stortinget arrangerte vi debatt om kulturbudsjettet saman med Arrangørforum, Norsk kulturforum, Norsk musikkråd, Musikkindustriens næringsråd, Creo og Kulturrom. Der var både kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery og fleire av politikarane frå familie- og kulturkomiteen til stades.

Høyringar

Vi har sendt høyringsinnspel om desse sakene:

- Stortingsmelding Kunstnarkår
- Arbeidet i festival- og arrangørutvalet i Kulturrådet.
- Innspel til TONO om endringar i fordelingssystemet deira.

Anna kulturpolitisk arbeid

- Vi arbeider for å få representantar frå folkemusikkmiljø inn i styre og utval der det er viktig å få fram vårt perspektiv
- Vi har vore aktivt med på møte i andre organisasjonar og nettverk som vi er med i, som til dømes Musikkindustriens næringsråd, Norsk musikkråd, Krafttak for sang (her er nestleiar i FolkOrg, Camilla Granlien i styret), Arrangørforum, Kulturalliansen, Frivillighet Norge og Balansekunst.
- Vi har hatt møte med TONO to gonger hausten 2023, og dagleg leiar skreiv i lag med Samspill og Joigiid Searvi kronikk om at det er så få insentiv for bruk av tradisjonell musikk.
- Camilla Granlien sit som styremedlem i TONO.
- Dagleg leiar har hatt møte med statssekretær Even Aleksander Hagen to gonger,. Fyrst for å presentere Landskappleiken og Landsfestivalen og argumentere for kor viktig det er å få øyremerkte midlar til dette. Styreleiar Hilde Reitan var også med på møtet. I eit anna møte prata vi om utfordringane med TONO, og at bruken av tradisjonell musikk ikkje vert like verdsett og honorert som bruk av nyskriven musikk.

FolkOrg er en uvurderlig partner i arbeidet med å bevare og fremme vår rike og levende kulturarv. Gjennom 100 år har alle deres tradisjonsbærere spilt en nøkkelrolle i å sikre at våre musikalske skatter forblir levende og relevant for fremtidige generasjoner.

Ellen Krageberg
Direktør for Norsk senter for folkemusikk og folkedans

FolkOrg er en helt sentral samarbeidspartner og en av våre stiftere som har vært med å legge grunnlaget for vår nasjonale scene. Vi er deler av det samme økosystemet der lokale tradisjonsbærere, grasrot, profesjonelle utøvere og levende arrangørmiljøer danner et fint vevd nettverk.

Ane Carmen Roggen
Direktør for Riksscenen

Gratulerer med dagen til en organisasjon som bærer så mye av den norske identiteten på sin rygg. Dere har båret den stolt, både i medvind og motvind. Og husk at alt som er viktig er vanskelig. Dere har sjela til det beste i norsk kultur: Brytningen mellom det eksellente og profesjonelle i møte med frivillighet og amatørenes kvaliteter. Det er vanskelig men viktig. Fortsett med det - fordi vi trenger det for kulturen vår, ja for sjela vår.

Trine Skei Grande
Tidligare kulturminister

KAPPLEIKAR OG FESTIVALAR

Landskappleiken i Lom 21-25. juni 2023

Landskappleiken vart gjennomført med Lom spel- og dansarlag som lokal arrangør. Sist gong det vart arrangert landskappleik i Lom, var i 1954. Lom spel- og dansarlag har sidan den gong arrangert landsfestival i 2015.

Deltaking

Landskappleiken i Lom hadde 1500 deltagarar, med 921 unike deltararar fordelt på 472 startnummer.

Vinnarar

Kongepokalen vart i 2023 sett opp i klassene halling A og eldre folkemusikkinstrument senior. Vinnarane vart Ola Narverud frå Småjondølenes dansarlag i halling A, og Tom Willy Rustad i eldre folkemusikkinstrument senior (med syster). Sistnemnde fekk ekstrapremie med speleoppdrag på Riksscenen.

Vedlegg: Liste over alle vinnarane på Landskappleiken 2023 finn du bak i årsmeldinga.

Gnistprisen 2023

Gnistprisene oppretta av firmaet EFH Holding v/Eva Fischer og skal gå til eit lag som jobbar særstakt godt med både nivå og læringsmiljø for born og unge som dansar folkedans. Prisen vart delt ut for fyrste gong i 2017. Prisen på 15 000 kr gjekk til rekrutteringsprosjektet Fuglen.

Under Landskappleiken vert det arrangert ei Gnist-samling, der ungdommar samlast til pizza og sosial dans. Det var særstakt stor oppslutning om samlingen under Landskappleiken i 2023.

Kort evaluering av Landskappleiken

Landskappleiken i Lom var eit godt gjennomført arrangement med god deltaking på tevling og mykje spanande program på kveldstid. Landskappleiken føregjekk i Utgard fleirbruksbygningen, med den tredje tevlingsarenaen i gangavstand til kappleiksområdet.

I tillegg til tevlingane, som starta onsdag, vart det eit innhaldsrikt kulturprogram desse dagane. På onsdagskvelden var det gratis opningskonsert med lokale utøvarar, etterfølgd av matgilde i matteltet med Arne Brimi. Styreleiar Hilde Reitan stod i år for den offisielle opninga.

Kappleiken hadde eit rikhaldig kulturprogram, med miljøscene i sentrum og eit solid program for born og barnefamiliar, med blant anna barnekappleiksfesten i Presthaugen, som var særstakt vellukka. I tillegg var det plateslepp med Atterljomen og med Elle Fossen, gourmetmat med tonefølgje på Brimibue, Olavssong – midnattskonsert i Lom stavkyrkje, storkonserten «Tonegjerd» – ei konsertframsyning om Fel-Jakup, og konsertframsyninga «Gjendine og Jørgine». NRK var sterkt representert på Landskappleiken i Lom, der det vart gjort opptak både til Folkemusikktimen og dokumentarserien «Trollstemt». I tillegg var det direktesending frå kappleiken på Dagsrevyen på torsdagen.

På laurdag var ei folkedansgruppe frå Stoughton, USA til stades på kappleiken: Stoughton Norwegian Dancers. Dette er ei gruppe med ungdommar som dansar norsk folkedans på high school. Dei hadde eit litra framsyning på kappleiken mellom dansetevlingane på laurdag.

Laurdag kveld var det finale i Halling A og Eldre folkemusikkinstrument senior. Kongepokalvinnarar vart Tom Willy Rustad i Eldre folkemusikkinstrument og Ola Narverud i Halling. 570 dugnadsfolk stilte opp, og mangfoldige dugnadstimar vart lagde ned for å gjennomføre arrangementet. Landskappleiken fekk eit økonomisk overskot på 316 000 kr.



Frå Gnist-samlinga under LK23 i Lom.



